

Operapub på Tre Brør:

# Opera til folket

– De skal drikka og me skal syngja og spela.

## ► NORDACCORDION

Slik forklarte barytonsongaren Aleksander Nohr konseptet operapub i ein stappfull kjellar Tre Brør laurdag kveld. Saman med sopranen Sigrid Vetleseter Bøe og Ida Løvli Hidle på akkordeon laga han operapub.

– Men ut på kvelden plar dette med kven som skal syngja og kven som skal drikka å jamna seg ut, heldt Nohr fram til stor applaus frå publikum.

## Folket

Og det er dette operapub handlar om, å ufarleggjera og folkeleggjera ei kunstform som mange ikkje har noko tilhøve til, utan å gå på akkord etter kvalitet. Skal ein døma etter reaksjonane frå dei framførte, lukkast artistane verkeleg med dette.

## Godt loge

Songarane tok mellom anna føre seg ariar frå Mozart sin opera Don Giovanni, som handlar om legenda om den store forføraren Don Juan.

Nordlendingen Aleksander Nohr kunne fortelja publikum at Mozart hadde vore på studietur i Nord-Noreg før han skreiv denne operaen. Der hadde han møtt Bonde-Johan, som hadde nedlagt kvinnfolk frå Nordkapp i nord til godt nede på Helgelandskysten. Etter dette vart Don Giovanni skriven. Uvanleg godt loge, meinte publikum.

## Flørt

Alle dei tre artistane musiserte på høgt nivå. Det var ikkje noko til hinder for at dei flørta hemningslaust med publikum. Kjellaren på Tre Brør er trong og intim, dette utnytta artistane til fulle. Nohr og Vetleseter Bøe gikk rundt i lokalet og song, til stor begeistring.

## Formidling

Lena Gjernes og Ingrid Langen Fjose var mellom dei som let seg begeistra. Langen Fjose er sjølv utdanna operasongar, medan Lena Gjernes ikkje har hatt noko særleg tilhøve til denne kunstforma.

– Dette var strålende flott. Eg fekk gåsehud alt i fyrste songen. Eg likte at me kom så tett innpå dei som song og spelte, seier Lena Gjernes.

## Næropera

Ingrid Langen Fjose meiner dette var næropera på sitt beste.

– Det handlar om å finna måtar å få folk interesserte i opera på. Operapub er ein flott måte. Og artistane i kveld er utruleg gode på formidling.



**FLØRTA:** Songarane gikk rundt i lokalet og flørta hemningslaust med publikum på operapuben i kjellaren på Tre Brør.

Når dei attpåtil har slik glimt i auget som dei har, må det berre bli bra, seier Langen Fjose.

Hordaland fekk ikkje med seg meir enn det fyrste av tre sett på operapuben laurdag kveld. Og for alt det me veit, sit dei kanskje enno og syng og spelar i kjellaren på Tre Brør.

► Bjørn Sandnes  
bsa@avisa-hordaland.no



**BEGEISTRA:** Lena Gjernes (t.v.) og Ingrid Langen Fjose var mellom dei som tykte det var uvanleg kjekt å høyra opera på operapub.





– *Argentinsk tangomusikk er så mykje meir enn tango som dans.*

**STRÅLANDE:** Geir Draugsvoll og Mette Rasmussen lerverte ein strålende konsert i Vangskyrkja fredag kveld under festivalen NordAccordion der dei tolka musikken til den argentinske tangomeistaren Astor Piazzolla.

FOTO: BJØRN SANDNES

## Dampande tango i Vangskyrkja

Dei som måtte tru at strendingar ikkje er lidenskapelege, fekk seg ei kraftig realitetsorientering i Vangskyrkja fredag kveld.

### ► NORDACCORDION

Geir Draugsvoll – opphavleg frå Bidne – på akkordeon, og Mette Rasmussen på piano framførte musikk av argentinararen Astor Piazzolla frå deira album «Time Of Life» som kom ut i mai. Piazzolla er rekna som den fremste komponisten innan den argentinske tangomusikken. Han var også rekna mellom dei fremste utøvarane på bandoneon, ein type trekkspel som vert mykje nytta i tangomusikk.

Konserten i Vangskyrkja var ein del av festivalen NordAccordion som går føre seg på Voss fram til tysdag.

### Meir enn dans

Argentinsk tangomusikk er så mykje meir enn tango som dans. For mange er tangoen nærast ei livshaldning. Musikken inneheld lidenskap, villskap, melankoli, sorg og det meste anna ein kan tenkja på av kjensler i livet.

Piazzolla var inspirert av både jazz og klassisk musikk, og skreiv både for store og små orkester. Han er rekna som den største fornyaren av den tradisjonelle tangomusikken.

Musikken hans vert gjerne kalla for «Tango Nuevo». Her snakkar me ikkje om tangoen ein dansar til her i Noreg på ein gammaldanskveld, her snakkar me om det utvida tangouniverset.

### Roleg

Draugsvoll og Rasmussen opna konserten med komposisjonen «Tanti Anni Prima», eit heller roleg og melankolsk stykke. Med suverent føredrag fekk Draugsvoll fram kjensler i framføringa si som rørte publi-

kum frå fyrste stund. Slik heldt konserten fram.

Me fekk høyra fleire av Piazzolla sine mest kjende komposisjonar som Draugsvoll og Rasmussen hadde laga sine eigne arrangement til, mellom anna «4 årstider i Buenos Aires» og ikkje minst «Oblivion», som mellom anna vart nytta i Marco Bellocchio sin film «Enricho IV» i 1984.

### Klassisk

I «Double Concerto – Hommage à Liège», fekk me høyra Piazzolla sin musikk i si mest klassiske utgåve. Dei avslutta konserten med ein av Piazzolla sine mest kjende komposisjonar, «Liber-tango». Dette er ein dynamittgubbe av ein tango i høgt tempo som nærast fekk det til å dampa av Draugsvoll sitt akkordeon.

Då fekk dei lang og fortent ståande applaus av dei om lag 70 som hadde møtt fram i Vangskyrkja.

### Samspel

Geir Draugsvoll er rekna mellom dei aller fremste i verda på akkordeon. Det er ikkje vanskeleg å høyra. Til dagleg er han professor og underviser i akkordeonspel ved konservatoriet i København.

Han og Mette Rasmussen klarte på ein overtydande måte å få fram alle kjenslene i Piazzolla sin musikk. Samspelet dei i mellom var framifrå. Begge musikanane har sin ståstad i den klassiske musikken.

Å høyra dei tolka musikk som ikkje minst er inspirert av jazz, var ei stor oppleving. Det tykte publikum i Vangskyrkja også.

### ► Bjørn Sandnes

bsa@avisa-hordaland.no



**I GODT SLAG:** Operasongarane Aleksander Nohr og Sigrid Vetleseter Bøe akkompagnerte av Ida Løvli Hidle på akkordeon, begeistra ein fullsett kjellar på Tre Brør på operapub laurdag kveld.

ALLE FOTO: BJØRN SANDNES